LUSTER AUSTRE FJELLSTYRE

Årsmelding 2025



Utsyn mot Soleitind, Ringstind, Austabottind og Stølsmaradalstind. *Foto: Inger Moe*

Innhald

Luster Austre Fjellstyre 2
Møte og deltaking 3
Uttalar 3
Oppsynsteneste og administrasjon 3
Tenestesal 4
Villreinforvaltning og -jakt i Reinheimen-Breheimen villreinområde 5
Villreinforvaltning og -jakt i Vest-Jotunheimen villreinområde 6
Fiske og fiskestell 7
Småvilt 9
Prestasteinshytta 10
Gjertvasshytta 10
Båtar og naust 11
Fjellsport og turbruk 11
Økonomi 11

Luster Austre Fjellstyre

Luster austre fjellstyre har hatt denne samansetjinga:

- Knut Hauge, Indre Hafslo, leiar
- Jonny Gjerde, Skjolden, nestleiar
- Wenche Samnøy, Fortun, styremedlem
- Steinar Mørkrid, Fortun, styremedlem
- Monica Svensøy, Fortun, styremedlem

Personlege varamedlemmer:

- John Rolf Bjørnevåg, Fortun
- Elin Hauge, Skjolden
- Marc-Stian Stokkenes, Skjolden
- Svein Tore Heltne, Luster
- Eli Hansen Moen, Skjolden

Representantar i råd og utval:

- Knut har representert statsallmenningen i Vest-Jotunheimen Villreinutval. Jonny har vore vara.
- Jonny har representert statsallmenningen i Reinheimen-Breheimen Villreinutval, og site i styret der.
- Jonny har representert fjellstyret i Luster fellesområde, samanslutninga av grunneigarar med jaktrett på villrein i Breheimen.
- Inger har representert fjellstyret i arbeidsgruppe i samband me utviding av Jotunheimen NP

Administrasjon:
Inger Moe har vore tilsett i prosentstilling som dagleg leiar og fjelloppsyn.

Møte og deltaking

- Det vart halde seks møte; fem ordinære møte samt årsmøtet, som vart avhalde i forkant av eit vanleg fjellstyremøte. 41 saker vart handsama.
- Møte med Fortun grunneigarlag vedr fiskekortsamarbeidet. Jonny og Inger deltok.
- Møte med Luster fellesområde 4. mars. Jonny representerte fjellstyret, Inger var sekretær
- To møte med Skjåk Almenning vedr samjaktavtalen. Jonny og Inger representerte fjellstyret.
- Seminar og årsmøte i Reinheimen-Breheimen villreinutval, Jonny sit i utvalet, Inger deltok på seminar-delen. Jonny deltok også på styremøte i villreinutvalet 11. nov.
- Fagleg rådgjevande utval for Jotunheimen NP. Inger deltok.
- Ingen frå fjellstyret var på regionsårsmøtet for fjellstyra i region 3, men Inger deltok på samling på Otta 16.10.

Uttalar

- Til Breheimen NP gjeldande motorferdselsøknad frå Hydro til skredfarevurdering og skredkontroll vinteren 2025. Fjellstyret handsama også denne søknaden som grunneigar.
- Til Luftfartstilsynet vedrørande motorferdselsøknad frå Hydro.
- Til Statsforvaltaren i Vestland gjeldande oppstartmelding og utgreiingsprogram for utviding av Jotunheimen NP og Utladalen landskapsvernområde.

Oppsynsteneste og administrasjon

Oppgåvene til fjelloppsynet er å føra oppsyn på allmenningen, fungera som sekretær for fjellstyret, administrera jakt og fiske og ta ansvaret for hytter og båtar. I tillegg tek fjellstyret på seg oppsynsoppgåver for andre i form av tenestesal. Vårsemesteret 2025 gjennomførte fjelloppsynet kurs i naturoppsyn ved Universitetet i Innlandet, og kunne dermed få begrensa politimynde, som betrar vilkåra for jakt- og fiskeoppsyn. Begrensa politimynde er ein kompetanse som også tenestekjøparane etterspør.

- Kompetanseheving for fjelloppsynet
- Begrensa politimynde
- Auka tenestesal
- Innkjøp av naudnett og sevice + oppgradering av scooter.

I 2025 er det brukt 599 timar, mot 513 i 2024. Auken skriv seg fyrst og fremst frå auka tenestesal, men det er også brukt fleire timar på oppsyn ute i fjellet. Det er brukt litt færre timar på sakshandsaming og kurs/møte. Fjellstyret har ikkje hatt noko prosjekt på hyttene i 2025.



Figur 1. Fordeling av timeressursen til fjelloppsynet. Totalt gjekk det med 599 timar.

På siste styremøtet vedtok fjellstyret ein strategi for drifta dei to åra som står att av perioden.

Ordlyden i vedtaket:
Luster austre statsallmenning skal forvaltast i samsvar med fjellova, på ein slik måte at ein fremjar tradisjonell næringsutøving i bygdene og utnyttinga av ressursane i allmenningen, samstundes som ein ivaretek naturvern- og friluftsinteressene. Fjellstyret skal søkja å oppnå ein god balanse mellom bruk og vern. Ut over dette ønskjer Luster austre fjellstyre å bli ein sentral tenesteytar knytt til naturen og fjella i området, kjend for å inneha god kompetanse og ei praktisk tilnærming til eit breitt spekter av oppgåver hovudsakleg i felt.

Strategien inneber å vidareutvikla drifta og auka omsetnaden. Fjelloppsynsstillinga aukar frå å vera ei timestilling på 20% til fast stilling på minimum 50% frå januar 2026.

Tenestesal

Ved starten av 2024 hadde ikkje fjellstyret nokon tenestesalsavtalar, men ein begynte gjera seg kjend med ulike aktørar, og i 2025 har tenestesalet teke seg opp. Det har utelukkande vore kjekke og interessante samarbeid, som fjellstyret ønsker å vidareføra og vidareutvikla framover.

Tabell 1.Oversyn over tenestesal i 2025.

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåve	Timetal
Hydro	Villreinoppsyn i samband med utbygging av Illvatn kraftverk	89
Luster kommune	• Skotpremiekontroll • Vikariat som viltvakt okt-des. Ivaretok kommunen sine oppgåver knytt til ettersøk av vilt etter påkøyrsler og skadeskyting, oppfølging av anna fallvilt, samt hjortejaktoppsyn.	63
Vest-Jotunheimen villreinutval	Jaktoppsyn og strukturteljing av villrein	30
Luster vestre fjellstyre	Hjortejaktoppsyn	14,5
Hafslovatnet grunneigarlag	Fiskeoppsyn på Hafslovatnet	9
Statens naturoppsyn SNO	Bistand ved motorferdseloppsyn	8
Tenestesal samla:		213,5

Villreinforvaltning og -jakt i Reinheimen-Breheimen villreinområde

Stamma i Breheimen søområde var om lag på bestandsmålet. Etter det fjelloppsynet kjenner til var det ikkje dyr som oppheldt seg i Luster over tid i 2025.

Fjellstyret administrerer jakta på vegne av Luster fellesområde, som elles består av Jostedal fjellstyre, Nørdstedalen sameige, Mjølver og Fåberg sameige samt Bolstad og Heltne sameige. Jakta går føre seg i Skjåk i samsvar med jaktavtalen med Skjåk Almenning, denne avtalen vart revidert i 2025, men då berre vedteken for eitt år.

- Høg fellingsprosent
- Samjaktavtalen med Skjåk Almenning fornya for eitt år
- Gjennomgang av kriterie ved trekking av reinsløyve

Luster fellesområde fekk 50 løyve, av desse var 26 fjellstyret sine. 37 dyr vart felte, det svarer til ein fellingsprosent på 74%, som er veldig bra. Med unntak av nokre dagar med skodde i fjellet, var det mykje godvêr i heile jaktperioden. Fjellstyret tok ein gjennomgang av kriterie for trekking av reinsløyve (sak 17/25), her vart det ikkje gjort store endringar, men teke nokre avklaringar slik at ein sikrar dei prioriterte gruppene fortrinn i trekkinga, dvs unge førstegongsjegrar, lokale jegrar og slike som ikkje har hatt løyve føregåande år.

Ein må kunna sei at det er mykje papirarbeid knytt til villreinjakta, men den administrative avviklinga gjekk også veldig greitt dette året, mykje takka vera jegrar som hadde sett seg inn i krava. Fjelloppsynet deltok på utvalet sitt årlege oppsynsmøte, men gjekk ikkje jaktoppsyn i regi av utvalet. Det var ikkje observert reinsjegrar på statsallmenningen under jakta, som er bra, då det er bestemt at det ikkje skal jaktast her.

Tabell 2. Tildelte villreinløyve og felte dyr siste tre år. Tala gjeld Luster fellesområde.

	2023	2024	2025
Tildelte	61	61	50
Felte	36	37	37
Fellingsprosent	59 %	61 %	74 %

Villreinforvaltning og -jakt i Vest-Jotunheimen villreinområde

Ved kalveteljinga vart det funne 241 dyr, men ein legg til grunn at stamma er godt over 300, og målet er 400. Etter at alle valda vart slegne saman til eitt vald, Vest-Jotunheimen villreinvald, er statsallmenningen no eit eige jaktfelt med seks løyve. Fjelloppsynet bidrog i strukturteljinga 23. september, og forsøker elles å halda eit lite blikk på flokkane gjennom heile året, sjølv om dei i hovudsak beitar utanfor statsallmenningen. Dei første månadene av året heldt dyra seg mykje i området Soleiebotnane-Kolnosi, men då skiturismen begynte å ta seg opp trekte dei over til vestsida av Tindevegen. I kalvingstida heldt simlene seg i områda sør for Feigedalen.

- Samanslåing av alle vald til eitt; Vest-Jotunheimen villreinvald.
- Godt samarbeid med villreinutvalet

Jaktoppsynet som vart utført på oppdrag frå Vest-Jotunheimen villreinutval avdekka ingen tilhøve av dårleg jaktutøving, berre mindre alvorlege manglar i dokumentasjonen til enkelte jegrar.



Foto frå strukturteljinga 23. sept. *Foto: Inger Moe*

Tabell 3. Tildelte og felte dyr i Vest-Jotunheimen villreinstamme 2021-2025. Fjellstyret hadde seks løyve i 2025.

	2021	2022	2023	2024	2025
Tildelte	0	10	12	21	32
Felte	0	8	10	14	16
Fellingsprosent	---	80 %	83 %	67 %	50 %

Fiske og fiskestell

Fiskekortsamarbeidet med Fortun grunneigarlag vart avvikla før fiskesesongen 2025, ettersom grunneigarlaget hadde ønske om å bli med på det store felleskortet som Luster kommune administrerer.

Det kan tenkjast at bortfallet av dette kortet, saman med lang sesong, var ei medverkande årsak til at Luster fellesfiskekort fekk eit kraftig oppsving. Fjellstyret sin del av inntekta frå dette kortet var 8 585 kr.

- Oppsving i salet av alle fiskekorta
- Fiskekort saman med Fortun grunneigarlag avvikla
- Kurs i tynningsfiske



Fig 2: Oppsving for Lustrakortet i 2025

Det vert også lagt ut fiskekort saman med fjellstyra for Lom og Vågå, under overskrifta «Fiskekort for Jotunheimen», på inatur.no. Avtalen vert administrert av Lom fjellstyre. Inntekta herifrå i 2025 var 24 729 kr.

Fjellstyret sel i tillegg fiskekort i appen Perfish. Dette er kort berre for statsallmenningen, og det har til no ikkje slått heilt gjennom. I 2025 vart det sett opp eit skilt ved Prestesteinsdammen med ein QR-kode som folk kunne scanna for å kjøpa fiskekort i appen, då tredobla salet seg.



Tabell 4: Sal av fiskekort i appen Perfish.

	Tal kort	Inntekt
2021	1	75
2022	10	1 200
2023	8	975
2024	7	975
2025	23	3 045

Sju fiskarar vart kontrollerte av fjelloppsynet, to av desse hadde ikkje løyst fiskekort. Begge dei to løyste fiskekort på staden. Ingen av tilfella resulterte i politimelding ettersom dei ikkje hadde utstyr i vatnet då dei vart kontrollerte.

Fjelloppsynet deltok på kurs i tynningsfiske ved Hafslovatnet i juni, og har i tillegg hatt fiskeoppsyn ved vatnet på oppdrag for Hafslovatnet grunneigarlag.



Kurs i tynningsfiske ved Hafslovatnet i juni. Det meste som vart teke opp var sjølvsagt ikkje slik fisk som på biletet…

Foto: Olav Bremer

Småvilt

Rypebestanden er ikkje større enn han må vera. Basert på eigne observasjonar og tilbakemeldingar frå fjellfolk valde fjellstyret å selja eit sterkt avgrensa tal småviltkort. Det vart selt 192 kort, for det meste dagskort, på inatur.no som gav ei netto inntekt på vél 90 000 kr. Inntektsauken (tabell 5) skuldast for det første ei oppjustering av prisane og for det andre at to- og tredagarskorta, samt vekeskorta, vart erstatta av eit femdagarskort.

Fire småviltjegrar vart kontrollerte, alle hadde løyst jaktkort og elles alt på stell.

Tabell 5: Rypestatistikk frå inatur.no. I 2023 var det stengt for småviltjakt på grunn av liten rypebestand.

	2022	2023	2024	2025
Jaktdagar	418	0	267	165
Dagar med fangs	117	0	111	54
Dagar utan fangst	301	0	156	111
Totalt felte ryper	210	0	167	66
Ryper/jaktdag	0,50	0,00	0,63	0,4
Netto inntekt	62 606	0	71 803	90 746

Fjellstyret vedtok å opna for jakt på rovvilt etter søknad. Det var to som søkte og fekk løyve til å jakta jerv, men det vart ikkje felt jerv på statsallmenningen.

Prestasteinshytta



Prestesteinshytta *Foto: Inger Moe*

Hytta ved Prestesteinsvatnet vart teken i bruk i 2003. Hytta er 60 kvadratmeter, og har 6 (8) sengeplassar. Hytta ligg til leige på inatur.no frå starten av mai til medio oktober.

Prestesteinshytta er særleg populær blant fiskarar, men er også fin som utgangspunkt for fotturar i området. Vegen ned til hytta vart ikkje brøytt, og var ikkje køyrbar med bil før ca 20. juli.

Netto inntekt frå dei 118 utleigedøgna var 77 345 kr, nokså likt som i 2024.

Det vart vedteke å setja opp utedo ved begge hyttene i 2026. Dagens ordning med dobøtte er ressurskrevjande då ein lyt tømma bøtta mange gonger gjennom sesongen. Hygienen har vore ivareteken ved at fjellstyret har fått lov å tømma ved sanitæranlegget på Oscarshaug.

Gjertvasshytta

Gjertvasshytta frå 2017 har fem sengeplassar, vedomn, eit bord og stolar og eit gassbluss, enkelt og greitt. Gjennom utleige på inatur.no hadde fjellstyret 79 utleigedøgn, som er mykje med tanke på at ho berre var tilgjengeleg mellom 24. juli og 24. september (92 døgn). Netto inntekt vart 49 104 kr, som er meir enn ei dobling sidan 2024. Inntektsauken skuldast dels at prisen, som ikkje hadde vore justert på ei tid, vart heva etter oppgraderinga føre år, men dels også at utleigeportalen inatur nytta bilete av hytta i si eiga marknadsføring, og på den måten gav mykje gratis reklame.

Vedtak om å setja opp utedo på begge hyttene i 2026



Måneskin over Gjertvasshytta, i januar.
Foto:Inger Moe

Båtar og naust

Nye årar til alle båtane

Fjellstyret har tre båtar, ein på Prestesteinsvatnet, ein i vestre enden av Hervavatnet og ein på det Indre Hervavatnet. Nausta er av den enkle sorten, store røyr som er delvis gravne inn i bakken. I 2025 var det berre båten på Prestesteinsvatnet som vart brukt. Det vart kjøpt inn nye årar til alle båtane, og det har vore drøfta korleis ein skal få dei i bruk. Utfordringa er at når magasina er nedtappa ligg alle nausta så langt inne på land at det ikkje er råd å få båtane på vatnet.

Fjellsport og turbruk

Toppturaktiviteten er i auke, og ein ser at sesongen har endra seg. Medan det før var mykje folk i tindane i helgar og raude dagar på våren, er et no i tillegg meir aktivitet tidlegare på vinteren viss det er nok snø, og meir aktivitet på kvardagane. Det er dei toppane som ligg nærast bilveg og som kan nåast utan vesentleg unnabakke eller flate parti som er mest populære, slik som Steindalsnosi, Dyrhaugsryggen, Ringstind og Lauvnostind.

Om sommaren vert tindane i Hurrungane nytta til klatring både av privatfolk og verksemder som driv kommersiell fjellføring.

DNT har mange merka turruter i Luster austre allmenning. Desse vert haldne ved like og opprusta med jamne mellomrom. Turistforeining har også to hytter på statsallmenningen; Fannaråkhytta og Olavsbu. Sistnemnde er den største sjølvbetjeningshytta til DNT Oslo og Omegn, med 52 sengplassar og om lag 3000 overnattande gjester kvar år. I tillegg har ein Medalsbu som fungerer som naudbu på ruta mellom Nørdstedalseter og Trulsbu og som tilsynsbu i samband med sauedrift (eigd av Leiduf Weka).

Til påske vert nokre av DNT sine løypetraséar stikka. Steinar stikkar løypa frå Turtagrø over Keisarpasset til Skogadalsbøen og vidare gjennom Uradalen.

Økonomi

Økonomien til fjellstyret har styrka seg i 2025, i hovudsak grunna den store auken i tenestesal, samt noko betre inntekt frå hytteutleige, småviltjakt og fiske. Frå omstillingsåret 2024, då fjellstyret tok imot utviklingsstøtte frå Luster kommune, er ein no over i ein tilfredsstillande situasjon økonomisk. Rekneskapen syner eit overskott på 45 078 kr. Omsetnaden auka frå 679 098 kr i 2024 til 745 261 kr i 2025.

For fullstendig oversyn over økonomien i fjellkassa syner me til vedlagde rekneskap godkjend av Vestland Revisjon.



Utsyn frå Medalsnosi 6. juli 2026

Fortun, 16. april 2026
Luster austre fjellstyre

Knut Hauge
styreleiar

Jonny Gjerde
nestleiar

Monica Svensøy
styremedlem

Steinar Mørkrid
styremedlem

~~Wenche Samnøy~~ Marr-Stian Stottenes
styremedlem
Vara